



Meland Kommune - Eirik Utne

Dato: 21.04.2015

Vår ref.: 2014/673-145

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.:

## **Søknad om stønad til kulturminneplanarbeid for Meland kommune i 2015 - tilskot kr. 100 000,-**

Vi viser til søknad dagsett 11.02.2015 om kr 100.000,- i stønad til arbeid med kulturminneplan for Meland kommune.

**Søknaden vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i møte den 15. april 2015 i sak PS 58/2015.  
Utvalet vedtok å gje eit tilskot på kr 100.000,- av fylkeskommunale midlar, budsjettpost  
10.400.735.84 til Meland kommune.**

### **Vilkår for løvinga**

Det vert stilt krav om:

- Plan for gjennomføring av registreringar og kulturminneplan
- Politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan-/kommunedelplan
- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
- Rapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2015.

Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Fylkeskommunen tek atterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast til Kultur- og idrettsavdelinga.

## Informasjon om samarbeidstiltak

I prosjektet *Kulturminnekompesitanse i kommunane 2013-2016* samarbeider Hordaland fylkeskommune i nettverk med kommunane og musea for å utvikle felles kulturminnekompesitanse. Vi vil sende ut informasjon om felles aktiviteter (samlingar, kurs mv) og ser fram nærmere kontakt med kommunen dei neste åra. Vi tek gjerne i mot innspel om kva kommunen treng for å gjennomføre og ferdigstille kulturminneregistreringar og planarbeid. Vår kontaktperson er seniorrådgjevar Elizabeth Warren.

Det er mykje relevant materiale samle på våre nettside for prosjektet:

<http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/> i kommunane

I tillegg har Riksantikvaren si heimsida [www.ra.no](http://www.ra.no) mellom anna:

- a. [Rettleiar kulturminneplanar i kommunen](#)
- b. [Rettleiar Handbok for lokale registreringar](#)
- c. [Rettleiar verdisetting og verdivekting](#)
- d. [Rettleiar Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan og bygningsloven.](#)

Hordaland fylkeskommune ynskjer Meland kommune lukke til i arbeidet med kommunedelplan for kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Elizabeth Warren  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Vedlegg

### 1 Aksept av vilkår om tilskot